

Til føresette for elever, rektorar og FAU ved grunnskulane i Luster

Høyringsutkast kommunalt skyssreglement i Luster

10. februar 2016

Luster kommune er ein vidstrakt og spreiddbygt kommune, noko som gjer at det er stor trong for skuleskyss både til barneskulane og til dei to ungdomsskulane på Hafslo og i Gaupne. Rundt rekna 45 % av elevane i kommunen har anten skyss på grunn av veglengd eller på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Eit høyringsutkast til kommunalt skyssreglement er no utarbeidd av rådmannen og skal opp til politisk handsaming i kommunestyret 17. mars. Høyringsutkastet inneheld ein informasjonsdel, forslag til skyssreglement og eit vedlegg med oversikt over særleg farlege vegstrekingar. Utkastet vert i dag sendt ut til alle skular og FAU til høyring.

Frist for å koma med innspel er 1. mars. Føresette som har innspel kan senda desse via FAU ved skulen der barna dykkar går, eventuelt senda innspela direkte til kommunen ved rådmannen.

Høyringsutkastet er også gjort tilgjengeleg for føresette og ålmenta på heimesida til Luster kommune.

Ein gjennomgang av dagens skyssordning er ynskjeleg for å få tydelege retningsliner for den administrative praktiseringa av regelverket for skuleskyssen i Luster. Eit kommunalt skyssreglement vil også vera eit nyttig dokument for å informera føresette om kva som er gjeldande reglar når det gjeld fri skuleskyss.

Med helsing

Jarle Skartun
rådmann
Luster kommune